

# **Prosjektplan**

**for**

Reiseliv, mat og kultur i Møre og Romsdal.  
2017 – 2020 (arbeidstittel).

## Mål og Rammer

### Bakgrunn

Norge og også Møre og Romsdal blir stadig meir populært som reisemål. Turistane blir meir reisevande, meir kravstore og etterspør dermed «det lille ekstra». Dei ønsker å ta alle sansar i bruk og etterspør lokal natur, kultur, tradisjonar, historie, levemåtar, det moderne Norge og den gode matopplevinga. Dei ønsker å ta aktivt del i opplevingane og ikkje berre observere. For å imøtekome desse trendane, er samarbeid eit nøkkelord.

Kultur og maten som ein naturleg del av vår kultur, er ein viktig ressurs for våre reiselivsprodukt. Kultur- og matopplevingar bidrar til å auke verdien av Norge som reisemål og slik til auka verdiskaping i reiselivsnæringa så vel som auka verdiskaping hos matprodusentane og kulturnæringane. Betre samarbeid mellom dei ulike aktørane vil betre innteninga hos alle involverte samt at fylket blir meir attraktivt som reisemål pga auka mangfald i opplevingar.

Møre og Romsdal fylkeskommune tok hausten 2015 initiativ til å etablere forprosjektet «Mat og reiseliv i Møre og Romsdal – grøn og blå sektor». Forprosjektet hadde som ambisjon å finne svar på spørsmåla sett opp nedanfor samt kome opp med konkrete tiltak som gjer dette mogleg. Kultur og kulturopplevingar kom med på eit seinare tidspunkt og var derfor ikkje med i kartleggings- og analysefasen. Mat som en del av kulturen vår, var derimot ein naturleg og viktig del av forprosjektet.

Fylkesmannen og Innovasjon Norge var viktige samarbeidspartar i forprosjektet.

Møre og Romsdal er eit stort matfylke på råvaresida, men har ikkje lukkast heilt med å gjere dei lokale produkta tilgjengeleg for reiselivsbedriftene eller for konsumentane. Møre og Romsdal er også kjent som eit reiselivsfylke med attraksjonar av både nasjonalt og internasjonalt format. Dette var blant spørsmåla som vart stilt i forprosjektfasen :

- Kvifor har vi ikkje lukkast med å gjere dei gode råvarene tilgjengeleg ?
- Kva skal til for at Møre og Romsdal skal bli kjent som *matfylke* også i reiselivssamanheng og ikkje berre som råvareleverandør ?
- Kva skal til for at Møre og Romsdal skal bli «Norges svar på Toscana» ?

Det er i forprosjektet gjennomført eit større kartleggingsarbeide på kva som tidlegare har vore gjort i skjeringspunktet mat/reiseliv både i Møre og Romsdal, elles i landet og også noko utanlands. Dette har resultert i rapporten "Lokal mat for lokal utvikling» (Lønning og Barstad, 2016). Rapporten presenterer funn frå denne kartlegginga, frå dei tre innspelskonferansane og frå ein survey blant serveringsbedrifter i fylket i 2016. Det er aktørar innanfor reiseliv og mat som har vore med i denne kartlegginga.

Kultur kom inn som ein naturleg konsekvens av at Regjeringa våren 2017 la fram til behandling Stortingsmelding nr 19 – «Opplev Norge – unikt og eventyrlig» (reiselivsmeldinga). Denne tydeleggjer at eit tettare samarbeid mellom reiseliv og kultur er viktig, både for å kunne tilby betre og fleire opplevingar til dei besøkande men også for at kulturaktørane kan få fleire besøkande og slik skape auka verdigskaping både hos kultur- og reiselivsaktørar. Eit mangfald av opplevingar vil dessutan gjere fylket meir attraktivt som reisemål. Regjeringa vil i oppfølginga av Stortingsmeldinga om reiseliv utarbeide ein strategi for kultur og reiseliv med vekt på kulturturisme. Det er allereie oppretta eit nasjonal «Samarbeidsråd for kultur og reiseliv» som ein konsekvens av reiselivsmeldinga.

Innovasjon Norge presenterte også sin nye reiselivsstrategi i april 2017. I denne er det eit uttalt mål at det skal skapast fleire nye arbeidsplassar i reiselivsnæringane og at dette skal skje gjennom eit tettare samarbeid mellom reiselivsnæringa og kultur samt auka bruk av og betre tilgang på lokal mat.

Forprosjektet viser at hovudutfordringa ikkje er mangel på lokale kvalitetsprodukt. Utfordringane er mellom anna knytt til stabile og føreseielege leveransar av produkta/råvarene, volum samt logistikk- og distribusjon. Kjedeavtalar og bransjeavtaler som reduserer lokal handlefridom hos aktørane og også gjer det vanskeleg for nye lokale produkt å få innpass, er også ei stor utfordring.

### Situasjonen i dag

Det som særpregar Møre og Romsdal er det store mangfaldet i natur og kultur. Her finn ein alt frå små fiskever yst mot havet, til store jordbruksbygder inne i fjordane, og høge fjell med fjellgardar i innlandet. Dei naturlege føresetnadane for jordbruk og fiske (grøn og blå sektor) har gitt eit variert kulturlandskap med mange utformingar og tradisjonar og har gjennom tidene vore eksotiske reisemål. Vår varierte og spektakulære natur har tradisjonelt hatt ei tiltrekkingskraft på turistar som ønsker å drive med ein eller annan friluftaktivitet som fiske og fangst, jakt, klatring, sjøsport, fotturar mm. Dei korte avstandane frå innland/høgfjell og til fjord/hav inneber at eit mangfald av opplevingar er innafor kort reisetid. Dette er ei styrkje for fylket si attraksjonskraft som reisemål.

Fleire turistundersøkingar, deriblant Innovasjon Norge si turistundersøking, viser at gode matopplevingar basert på kortreiste råvarer og lokale tradisjonar blir stadig viktigare i reiselivssamanheng. Det er derfor svært viktig at gode og kortreiste råvarer kjem ut til restaurantane og hotella i regionen, men også til detaljhandelen slik at produkta er tilgjengeleg for konsumentane.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige for å byggje identitet og skape attraktive lokalsamfunn og slik viktig som grunnlag for reiseliv og verdiskaping i kommunane. Kultur er ei sentral drivkraft for utvikling av menneske og samfunn.

Reiselivet er ei stor og viktig næring i Møre og Romsdal. Fylket har fleire av dei mest profilerte attraksjonane i landet, stader på UNESCO si verdsarvliste og har dei siste åra satsa mykje på nettopp opplevings- og aktivitetsturisme.

Veksten i opplevingsnæringane (Adventure Tourism) er pr i dag den delen av reiselivsnæringa som aukar mest, også på verdsbasis. Nedanfor er Adventure Travel Trade Association (ATTA) sin definisjon av Adventure Tourism illustrert.



Illustration by ATTA – The New Adventure Traveler (2017).

Kultur og mat er viktige innhaldsleverandørar i det som kallast opplevingsnæringane. Reiselivsmeldinga peikar på nettopp dette. Det same gjer Landbruks- og matdepartementet sin strategi Oppløvingar for ein kvar smak».

Fylket er dominerande i Norge innafor sjømat – karakterisert ved fangst og storskala, industriell eksportproduksjon, medan den lokale tilgangen på fersk fisk og sjømat blir opplevd som utfordrande både for innbyggjarar og for profesjonelle sluttbrukarar. Med ein internasjonal sjømatmarknad i vekst, er det ei utfordring å få næringa til å satse lokalt.

Innan landbrukssektoren er det mange eksempel på lokal matsatsing, både som storskala produksjon av standardvarer (Tine på ost og mjølk, Ringdal, Tind etc. på kjøtt) og småskala produksjon/utvikling av meir nisjeprega produkt (med Kraftkar frå Tingvoll som fremste eksempelet).

### Utfordringar for næringane

Etablering av tilleggsnæringar innan landbruket har i stor grad vore forma av behov innanfor næringa, fleire inntektskjelder for produsenten/bonden samt gjennom næringa sine egne rådgivarar og kunnskapsparadigme. Sjømatnæringa har sett mest mot sine store eksportmarkadar medan reiselivet har fokusert på egne produkt der mat, natur, miljø og kultur ofte har vore definert som produksjonsressursar heller enn samarbeidsaktørar.

### Kritiske suksessfaktorar

Eit aktivt, tett og breitt samarbeid mellom aktørane innafor reiseliv, kultur, sjømat og landmat er særdeles viktig for å lukkast med dette prosjektet. Det offentlege virkemiddelapparatet spelar ei viktig rolle som iverksettar, medspelar, koplar og som finansiør av prosjektet.

Forankring i næringane er avgjerande for å lukkast. For å sikre forankring og involvering vart ei rekke næringsaktørar kontakta, fekk tilsendt eit råtkast av prosjektplanen og kontakta både pr telefon og pr e-post. Dette for å sikre at innretting av prosjektet var riktig, utfordringar var riktig definert, dei rette tiltaka var skissert samt å sikre at næringsaktørar var interessert i å engasjere seg i prosjektet.

## Visjon, hovudmål, strategi og avgrensing

### Overordna prinsipp og berande element for prosjektet

- Tiltak skal vere **tverrgående og involvere aktørar** frå reiseliv, kultur og mat frå både land og sjø.
- Tiltak skal bidra til **lønsemd** for aktørane.
- Tiltak skal vere **marknadsorientert**.
- Tiltak skal vere tufta på prinsippa for **berekraftig utvikling**, dvs dei tre pilarane lokalsamfunn, miljø og verdiskaping (Innovasjon Norge sine prinsipp for berekraftige reisemål).

### Visjon

Prosjektet skal forsterke og byggje opp under allereie pågåande og etablerte satsingar innanfor reiseliv. Reiselivsnæringa sin uttalte visjon om å bli aktivitets- og opplevingsfylke nr 1 er derfor sentral ved utforming av ein visjon for dette prosjektet. Mat er pr definisjon ein viktig del av ein ferie og er i seg sjølv ei oppleving. Kultur er ein viktig innsatsfaktor i mange opplevingar og dermed ein viktig innhaldsleverandør for reiselivsnæringa og dermed dei ferierande.

Visjon :

«Møre og Romsdal skal bli aktivitets og opplevingsfylke nr 1 i Norge».

Med dette meiner vi :

Vi skal løfte fram og kople lokal mat og kultur til våre natur og aktivitetsopplevingar på ein slik måte at Møre og Romsdal blir Norges mest attraktive og lønsame reiselivsfylke.

### Overordna mål


- Prosjektet skal bidra til auka lønsemd og verdiskaping i lokalt næringsliv.
- Prosjektet skal bidra til fleire tilrettelagte opplevingar gjennom riktig kopling mellom reiseliv-, kultur- og mataktørar der mat og drikke er produsert med lokale råvarer og basert på tradisjonar.

Slik skal Møre og Romsdal bli Norges foretrukne reisemål med eit unikt og mangfaldig opplevingsstilbod og dermed bidra til auka lønsemd i næringane.

#### Delmål

- Det skal utviklast nye kommersielle opplevingskonsept i skjeringspunktet reiseliv, mat og kultur.
- Prosjektet skal bidra til auka kjennskap til opplevingar både for tilreisande og lokalbefolkning.
- Prosjektet skal bygge opp under satsinga på heilårsturisme gjennom tilgjengelege kultur- og matopplevingar.
- [www.morotur.no](http://www.morotur.no) skal vidareutviklast og forsterke marknadskommunikasjonen av Møre og Romsdal som reisemål.
- Prosjektet skal auke utdanningstakta og heve kompetansen av kvalifisert personell i næringane (reiseliv, mat og kultur).
- Leggje til rette for at reiselivsbedrifter i fylket i aukande grad skal kunne omsetje lokal mat og drikke.
- Betre tilgangen på lokalmat i detaljhandelen.
- Auke andelen av lokal mat på menyane – både for tilreisande og lokale gjestar.

## Organisering av prosjektet



Det vil vere aktuelt å knytte til seg forskjellige ressurspersonar/ressursmiljø i løpet av prosjektperioden. Desse vil vere ein ressurs både for styringsgruppa, prosjektleder og delprosjekta.

Prosjektet skal organiserast tverrsektorielt med brei mobilisering både i prosjektet sin grunnstruktur og i aktivitetane som skal gjennomførast. Det skal etablerast aktørnettverk med tydelig rollefordeling med representantar frå både næringane og det offentlege.

Prosjektet gjennomføres med 4 delprosjekt som stikkordvis har følgende innhold :

#### Delprosjekt 1 Produkt- og konseptutvikling :

- Målsettinga med delprosjektet er fleire marknadsorienterte produkt og konsept av høg kvalitet som er etterspurt i marknaden (turistar, besøkande, lokalbefolkning m.m.).

#### Delprosjekt 2 Kompetanse :

- Heve kompetansen til aktørane gjennom mellom anna å arrangere kurs, seminar, workshops, studieturar mm.
- Heve statusen på kokkeyrket og med dette auke talet på søknader til mat- og reiselivs faget på vidaregåande skole.

#### Delprosjekt 3 Marknadsføring og merkevare :

- Målsettinga er å få produkt av høg kvalitet ut i marknaden og at fylket får auka attraksjonskraft ved å nytte kultur, lokal mat og drikke aktivt i marknadsføringa av fylket som reisemål.

#### Delprosjekt 4 Distribusjon og logistikk :

- Sikre leveransar frå produsent til reiselivsaktørar og detaljhandel. Målsetting å auke tilgangen og bruken av lokale råvarer i reiselivsnæringa.

### Strategi

Aktivitetane skal involvere aktørar frå reiseliv og kultur samt matprodusentar frå både landbruk og havbruk/fiskeri/innlandsfiske. Prosjektet skal skape felles arenaer og gjere det muleg for aktørar frå dei ulike næringane å utvikle lønsame og effektive løysingar på eksisterande utfordringar. Dette i samspel med lokalsamfunn og det offentlege.

### Forankring og mobilisering

Forankring og mobilisering skal skje gjennom :

- Tett og aktivt samarbeid med destinasjonsselskapa, aktørar frå dei forskjellige bransjane, bransjeorganisasjonar, interesseorganisasjonar m.m.
- Aktiv deltaking på næringane sine arenaer
- Mobiliseringstiltak i aktuelle lokalsamfunn
- Initiativ til nettverkssamlingar og ulike kunnskapsnettverk
- Generell satsing på tverrgående kompetansetiltak
- Pilotar der nye mulegheiter blir prøvd ut



Kommunikasjon blir ei viktig oppgåve både internt i prosjektet og ut mot dei ulike målgruppene. Prosjektet skal også jobbe tett opp mot media for å auke bevisstheita både om utfordringane og mulegheitene for desse viktige næringane i fylket. Dette vil bidra til å bygge status blant dei involverte og auke deira forståing for og nytten av samarbeid.

### Avgrensing

Det er viktig å presisere at denne satsinga ikkje skal erstatte pågåande arbeid innanfor desse sektorane, men forsterke dette arbeidet og vere samlande.

Fokus er å fremme fylket som aktivitets- og opplevingsfylke der mat, drikke og kultur er naturlege innsatsfaktorar.

## Prosjektorganisering

Møre og Romsdal Fylkeskommune er prosjekteigar. Regional- og næringsavdelinga er Prosjektansvarleg og ressursar frå både utdanning, kultur og samferdsel deltar.

Samarbeidspartnarar i prosjektet er :

- Innovasjon Norge
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Landbruksavdelinga
- Destinasjonsselskapa
- Fjord Norge AS
- NCE Tourism – Fjord Norway
- Næringsaktørar frå reiseliv, kultur og produsentar frå blå og grøn sektor
- Interesseorganisasjonar, bransjeorganisasjonar, kulturinstitusjonar m.fl.
- Kompetanseorganisasjonar som mellom anna Matnavet på Mære
- Tilgrensande prosjekt

### Prosjektleiing

Det skal dedikerast ein personressurs som skal vere prosjektleiar.

Prosjektgruppa skal bestå av representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/ regional- og næringsavdelinga, kulturavdelinga, utdanningsavdelinga og samferdselsavdelinga samt representantar frå Innovasjon Norge Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Landbruksavdelinga. Delprosjektleiarane skal vere med i prosjektgruppa når delprosjekta er «operative».

Kvar delprosjektgruppa skal ha ein eigen delprosjektleder. Det er ei målsetting at dette skal vere ein næringsaktør. Dette kan gjerast ved frikjøp /avlønning. Delprosjektledarane skal rapportere til prosjektleder.

Prosjektleder skal ha overordna ansvar for gjennomføring av prosjektet, framdrift samt koordinering av dei ulike delprosjekta. Prosjektleder skal også ha ansvar for økonomi samt rapportering til prosjekteigar og styringsgruppa.

### Styringsgruppe for prosjektet

<b>Organisasjon – «sektor» :</b>	<b>Representant :</b>
Næringsrepresentant reiseliv	Ragnar Heggdal, leiar
M og R fylkeskommune v/ RN-avd.	Ragna Brenne Bjerkeset
Innovasjon Norge	Bjarne Øygard
Fylkesmannen v/Landbruksavdelinga	Frank Madsøy
M og R fylkeskommune v/ Kulturavd.	Monica Kjøl Tornes
Næringsrepresentant, reiseliv	Vanja L. Braute
Næringsrepresentant, landbruk	Nils Henning Nesje
Næringsrepresentant, sjømat	Knut Helge Vestre
Næringsrepresentant, kultur	Odd Williamsen
Destinasjonsselskap	Tom Skrede
Fjord Norge AS	Kristian B. Jørgensen

### Mandat for Styringsgruppa.

Styringsgruppa har ansvar for å målrette arbeidet med å realisere potensialet for satsinga på lokal mat, kultur og reiseliv i fylket.

1. Vedta prosjektgrunningjeving og prosjektplan. Følg opp vedtak og framdrift. Vedtak i enkeltsaker innanfor satsinga tas av det enkelte ansvarlege organ.
2. Sikre forankring i næringane, samspel og medfinansiering av aktivitetane.
3. Profilere prosjektet. Alle partnerane har her ei viktig rolle knytt til å få merksemd om og gi legitimitet til satsinga innanfor eigne målgrupper.
4. Vere ambassadørar og rådgivarar for prosjektleder og nærmaste overordna for prosjektleder.
5. Årleg rapportering til politisk nivå.

Styringsgruppa møtast etter oppsett plan (2 – 4 gongar i året). Styringsgruppa får jamleg ein kort rapport om satsinga sine aktiviteter frå prosjektleder.

Det skal leggest fram ein rapport etter kvar fase og ved programmets slutt.

### Finansiering

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver 3 000 000 kroner pr år til prosjektet for ein periode på 3 år, til saman 9 000 000 kroner. Innovasjon Norge bidrar med midlar til prosjektet gjennom delprosjekt 2 Kompetanse. Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Landbruksavdelinga bidrar med midlar til konkrete landbruksrelaterte tiltak.

Prosjektet skal hente inn nasjonale midlar der dette er mogleg.

### Framdriftsplan – innfasing av dei fire delprosjekta.

<b>Aktivitet / delprosjekt :</b>	V 18	H 18	V 19	H 19	V 20	H 20
Produkt- og konseptutvikling, februar 2018	X	X	X	X	X	X
Kompetanse, februar 2018	X	X	X	X	X	X
Marknadsføring og merkevare		X	X	X	X	X
Distribusjon og logistikk			X	X	X	X
Kick-off for satsinga, 13. februar 2018	X					
Studietur						

Arbeidet i delprosjekt 1 og 2 starter opp umiddelbart etter kick-off for satsinga som planleggast i februar 2018.

### Hovudtiltak (delprosjekt)

Prosjektet «Reiseliv, mat og kultur i Møre og Romsdal» (arbeidstittel) skal gjennomførast med fire delprosjekt. Desse er beskrive på dei neste sidene.

<b>Delprosjekt 1 - Produkt- og konseptutvikling</b>	
Bakgrunn	<p>Det er eit auka behov for kommersialisering av opplevingar der mat, natur, kultur og aktivitetar kan settast saman og presenterast som eit attraktivt og heilskapleg produkt for turistane. Slike produktpakkar kan seljast gjennom heile året og kan spegle sesongane.</p> <p>Møre og Romsdal er eit stort matfylke på råvaresida, men har ikkje lukkast med å gjere dei lokale produkta godt nok tilgjengeleg, korkje for reiselivsbedriftene eller for konsumentane.</p> <p>Hovudutfordringa er ikkje mangel på lokale kvalitetsprodukt. Utfordringane er mellom anna knytt til stabile og føreseielege leveransar av produkta/råvarene til reiselivsaktørar og detaljhandel. Volum kan også vere ei utfordring.</p>
Avgrensing	Innpass hos dei store kjedene er også ei utfordring, men dette inngår i delprosjekt «Distribusjon og logistikk».
Effektmål	Utvikla gode opplevingar/produkt basert på marknadsorientering.
Resultatmål	Møre og Romsdal har forsterka sin posisjon som «Aktivitets- og opplevingsfylke».
Eksempel på tiltak	<p>Utlysing av øymerka midlar til pilotprosjekt der det er eit forpliktande samarbeid mellom aktørar frå reiseliv, kultur og mat frå grøn og blå «sektor». Føremål å utvikle produkt/opplevingar/konsept som er heilårs og dermed bidrar til sesongforlenging, men gjerne med sesongvariasjonar.</p> <p>Utarbeide ei liste over alle produsentar av lokal mat i fylket med ei oversikt over produkt, volum, sesongvariasjonar m.m.</p> <p>Dyrke fram/motivere/inspirere med formål «å få fram» fleire «einarar» - ala Kraftkar.</p> <p>Utvikle signaturrettar for fylket med fokus også på tradisjon og historia til rettane.</p> <p>Vidareutvikle morotur.no og implementere denne i marknadskommunikasjonen av Møre og Romsdal som reisemål.</p>

<p>Organisering</p> <p>Dei som er sett opp her, er spurt og ønskjer å vere med i delprosjektgruppa.</p>	<p>Reiseliv/ klynge : Synnøve Aabrekk, NCE Tourism  Reiseliv : Torunn Dyrkorn, Visit Nordmøre &amp; Romsdal AS  Aktivitetsleverandørar : Erlend Ringstad, Valldal Naturopplevingar.  Kultur/aktivitetsleverandør : Marit Grytnes Dullaert, Colombine Scene – og Livskunst  Kultur : Martin Folldal, Sunnmøre Kulturnæringshage  Sjømat : Roger Hofseth, Hofseth International AS  Landbruk : Nils Henning Nesje, Nesje – Mat med hjerte og Hanen Møre og Romsdal  Regional- og næringsavdelinga : Lillian Sæther</p>

<b>Delprosjekt 2 – Kompetanse</b>	
Bakgrunn	<p>Kunnskap og kompetanse er viktig for reiselivsnæringa, både for å kunne ta riktig avgjersle på ulike nivå og for å kunne utvikle innovative og framtidsretta reiselivsprodukt.</p> <p>Det er ulik forståing for og kompetansenivå blant aktørane frå dei fire segmenta for viktigheita av samspelet mellom nettopp desse. Det er derfor viktig å utvikle og tilby kompetansetiltak, møteplassar m.m. på tvers av desse og slik skape felles forståing og plattform samt å bygge nettverk.</p> <p>Vertskap er viktig for alle som møter kundar/gjestar.</p> <p>Mangel på gode norske kokkar er ei stor utfordring for reiselivsnæringa. Motivering, haldningsskapande arbeid og rekruttering er derfor viktig. Statusen til kokkeyrket må aukast.</p>
Effektmål	<p>Gjensidig forståing og respekt for forskjellig kompetanse – «kultur»forståing.</p> <p>God, nyttig, etterspurt og verdsett kompetanse hos aktørane.</p>
Resultatmål	<p>Auke kompetansen til aktørar frå reiseliv, kultur og mat (råvarer) frå landbruk og havbruk/fiskeri/innlandsfiske.</p> <p>Auke andelen elevar som vel restaurant og matfag på vidaregåande skole (kokkar).</p>
Eksempel på tiltak	<p>Innovasjon Norge sin kursportefølje, eventuelt kurs spesialtilpassa satsinga tilbys aktørane – som mellom anna vertskapskurset, IT («Hvordan bli god på nett»), opplevingsproduksjon.</p> <p>Workshops</p> <p>Nettverkssamlingar</p> <p>Konferansar</p> <p>Konkurransar – til dømes kokkekonkurransar for å heve statusen på kokkeyrket.</p> <p>Arrangere lokalmat-dag på skolane i samarbeid med lokale leverandørar/restaurantar.</p> <p>Studieturar</p> <p>Hospitering</p>

Organisering	Delprosjektleder : Olav Kåre Jørgensen, Smia
Dei som er sett opp her, er spurt og ønskjer å vere med i delprosjektgruppa.	Utdanning : Nina Skovly, M & R fylkeskommune, Utdanning Innovasjon Norge : Marit Giske-Nilsen Kultur : Jarle Sanden, Romsdalsmuseet Reiseliv : Sindre Mjelva, Hotel Union Geiranger Sjø/hav – «blå» : Cecil Elisabet Nerbø, Klippfiskakademiet Landbruk – «grøn» : Per Devold, Devold Gård

<b>Delprosjekt 3 – Marknadsføring og merkevare</b>	
Bakgrunn	<p>Pr i dag er det svært mange ulike kanalar som nyttast til marknadsføring og det er ulike spesialiserte kanalar. Reiseliv har sine kanalar, kultur har sine kanalar, matprodusentar har sine kanalar og dei fleste bedriftene har sine egne heimesider.</p> <p>Kan dette samkjøyrast for å oppnå betre effekt ? Produktpakkar som blir marknadsført og selt samla/i fleire kanalar.</p>
Avgrensing	Nytte eksisterande kanalar for marknadsføring som mellom anna Innovasjon Norge, Fjord Norge AS, destinasjonsselskapa, Hanen m.fl.
Effektmål	Innbydande, seljande og kostnadseffektiv marknadsføring av Møre og Romsdal som reisemål gjennom bruk av framtidsretta teknologi → moderne uttrykk.
Resultatmål	Møre og Romsdal er kjend som fylket med godt samspel og samarbeid mellom reiseliv, kultur, mat og opplevingar. I dette skjeringspunktet er det Møre og Romsdal som kan levere dei beste opplevingane.
Eksempel på tiltak	<p>Kartlegging av korleis aktørane marknadsfører seg pr i dag. Kva kanalar finst, korleis nyttast desse – effekt ved bruk av dei forskjellige kanalane.</p> <p>Utvikling og implementering av ei felles merkeordning for mat frå Møre og Romsdal ?</p>
Organisering	Næringsaktør, delprosjektleder
Ingen er spurdt, men dei har ytra ønske om at nettopp dette delprosjektet er interessant for dei å vere med i.	<p>Oddhild, Breivik, Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre Fjord Norge AS Siv Holmeide, Den Glade Ku / Hanen David Remø, Br. Remø Quirien van Oirschot, Bjartmars Favorittkro Turid Smoor, Søstrene Fryd Stian Stensønnes Lillehaug, Bryggekanten Brasserie</p> <p>Kultur</p>



<b>Delprosjekt 4 – Distribusjon og logistikk</b>	
Bakgrunn	<p>Det er pr i dag fleire utfordringar knytt til distribusjon og logistikk.</p> <p>Det er utfordrande for små produsentar å få innpass hos dei store kjedene i detaljhandel og hotell/restaurantar. Dei store hotellkjedene er del av nasjonale innkjøpsavtaler som sett begrensningar på lokal handlefridom og med dette moglegheita for å handle hos lokale produsentar.</p> <p>Sjølve distribusjonen er også ei utfordring.</p>
Effektmål	Produsentane får avsetning for sine varer og restaurant/hotell/detaljhandel får tilgang på råvarer/sluttprodukt til rett tid.
Resultatmål	<p>Små (og store) lokale produsentar får innpass hos dei store kjedene både innanfor detaljhandel og hotell/restaurant.</p> <p>Initiert ei effektiv og kostnadseffektiv distribusjonsløyning.</p>
Eksempel på tiltak	<p>Kartlegging av eksisterande rammeavtalar innanfor hotell, restaurantar og detaljhandel – hindringar og moglegheiter.</p> <p>Kartlegging av eksisterande distribusjonssystem.</p> <p>Delingsøkonomien – moglegheiter ?</p> <p>Ta i bruk nye former for app/webapplikasjon for kontakt mellom produsentar/leverandørar og kjøparar som hotell, restaurant og detaljhandel.</p>
Organisering	Næringsaktør, delprosjektleder
Ingen er spurd, men dei har ytra ønske om at nettopp dette delprosjektet er interessant for dei å vere med i.	<p>Odd Erik Rønning, Hotel Aak  Petter Melchior, Mechior garden  Sylte Mineralvannfabrikk</p> <p>Kultur</p>

## **Vedlegg :**

1. Innspel frå kulturavdelinga.
2. Oppsummering etter ringerunde til aktørane innan reiseliv og sjø/hav/blå sektor.
3. Oppsummering etter innspelskonferansane.

## **Innspel til prosjektplan frå kultur:**

### **Opplev Møre og Romsdal – kultur og lokal mat**

Kultur er ei sentral drivkraft for utvikling av menneske og samfunn. Regionar som har lykkast med å fornye og vitalisere samfunn- og næringsliv, har knytt kulturutvikling saman med breie strategiar for kompetansebygging, verdiskaping og regional utvikling.

Det som særpregar Møre og Romsdal er det store mangfaldet i natur og kultur. Her finn ein alt frå små fiskever, ytst mot havet, til store jordbruksbygder, inne i fjordane, og høge fjell med fjellgardar i innlandet. Dei naturlege forutsetningane for jordbruk og fiske (grøn og blå sektor) har gitt eit variert kulturlandskap med mange utformingar og tradisjonar og har gjennom tidene vore eksotiske reisemål. Vår varierte og spektakulære natur har tradisjonelt hatt ei tiltrekkingskraft på turistar som ønsker å drive med ein eller annan friluftaktivitet som fiske og fangst, jakt, klatring, sjøsport, fotturar mm. Identiteten vår er framleis knytt til desse aktivitetane sjølv om vi etter kvart har marknadsført byane våre til dei meir urbane turistane (Jugend-byen Ålesund, gjenreisingsbyane Molde, Kristiansund og Åndalsnes mm. med mange kulturtilbod.)

Turistane er ute etter å få eit mangfald av opplevingar. I Møre og Romsdal har vi korte avstandar til fjell og fjord og kan tilby ein variasjon i opplevingar og mattradisjonar frå hav og land.

Mat og drikke er ein del av norsk kultur og identitet. For turistane er det interessant og attraktivt å bli kjent med våre tradisjonar og spesialitetar gjennom gode matopplevingar.

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for å byggje identitet og skape attraktive lokalsamfunn, og som grunnlag for reiseliv og verdiskaping i kommunane. Kulturarv er definert som ei vekstnæring og satsingsområde nasjonalt og internasjonalt. Sentralt i satsinga er å respektere, vidareutvikle og framheve lokalsamfunnets historiske kulturarv, autentiske kultur, tradisjonar og særpreg. Kulturarven er vår felles hukommelse, og det er viktig å sikre god historiekunnskap gjennom forskning og forvaltning. Ved å kombinere utvikling og vern vil ein også kunne formidle og ta i bruk kulturarven som ein verdifull ressurs, utan at kunnskap og opplevingar vert redusert for framtidige generasjonar.

Musea i Møre og Romsdal er ein identitetsmarkør i lokalsamfunna, for regionen og landet som heile. Musea er sentrale kunst- og kulturinstitusjonar, som forskar på, formidlar og forvaltar eit breitt spekter av tematikk om både fortid, notid og framtid.

Kulturlivet i Møre og Romsdal består både av profesjonelle og frivillige aktørar. Profesjonelle kunstnarar er viktige bidragsytarar i det lokale og regionale kulturlivet, og betre tilrettelegging for desse er sentralt for vidare utvikling av kulturtilbodet og kulturelle og kreative næringar. Desse er eit verdifullt supplement til dei tradisjonelle næringane og eit bidrag til å auke attraktiviteten i Møre og Romsdal som bu- og arbeidsstad og reiselivsdestinasjon.

I arbeidet med by- og tettstadsutvikling er det stor merksemd på utforming av og infrastrukturen i by- og tettstadsromma. Turistar kjem ofte til stader som etter butikkstenging ikkje har noko aktivitet. Dette er det viktig å gjere noko med.

Frivillige lag og organisasjonar er ein sentral føresetnad for kulturlivet i Møre og Romsdal, og spelar ein viktig rolle for å skape attraktive lokalsamfunn og opplevingar for tilreisande. På fylkeskommunen sin app og nettstad morotur.no kan ein finne tips om fine turar i heile fylket vårt. Oversikta gjeld til saman over 1700 fotturar, turar på ski, sykkel eller i kajakk. Det er over 409 000 besøk på sida pr oktober 2017. Turane som ligg inne på Morotur si nettstad og i appen blir registrert av frivillige rundt om i kommunane i Møre og Romsdal. Den er under oversetting til engelsk og det er mange muligheiter til å utvikle dette til å bli eit godt verktøy for turistar i området vårt. Mange av turistane kjem hit for å oppleve den fine og varierte naturen vi har, og då er det naturleg at dei nyttar seg av dei nettsidene som finnes.

## Refleksjonar rundt prosjektet frå oss

Møre og Romsdals fylkeskommune har fleire større prosjekt som vil være med å støtte opp under dette reiselivsprosjektet i løpet av de nærmaste åra.

### Kulturisme – kva er det?

Kulturisme er eit stort felt/paraply som famnar over mange av dei områda kulturavdelinga har i si arbeidsportefølje. Vi støttar aktivitet/tiltak som har potensiale for å vere attraktivt for turistar. Dette er attraksjonar som til dømes

- Kulturtilbod innan musikk/festivalar, teater, museum
- Matkultur
- Natur/friluftsliv
- Litteratur (inkl. festivalar)

Sett frå vår side, er det riktig å stille følgjande spørsmål inn i «reiseliv, mat, kultur i Møre og Romsdal»:

- Kven er turisten som kjem til vårt fylke? Kven er det som ikkje kjem, men som vi ønskjer skal komme til oss?
- Kva skal vi tilby dei forskjellige turistgruppene?
- Vi har både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale turistar. Dette er ei stor gruppe, og kven skal vi nå igjennom dette prosjektet?

Det blir for omfattande å ta heile feltet/alle områda inn i dette prosjektet – det har vi ikkje muligheita til. Derfor må vi vere god på å spisse prosjektet. Skal dette prosjektet berre handle om mat? Eller skal vi ha med andre element også? Kva er reiselivsnæringa tent med?

Vi foreslår at vi tar en place marketing tilnærming og konsentrerer oss om f.eks 5-10 plassar i fylket, som er på strategiske turistplassar. På desse områdene bør vi sjå på og utvikle tilbuda innen

- Mat
- Opplevelse/aktivitetar (museum, kulturlandskap, festivalar, etc.)
- Natur/friluftsliv
- Næring (inkl. kulturelle og kreative næringa)
- Infrastruktur (overnatting, transport, fasilitetar som toalett, parkering osv)

Vi har tru på at morotur.no kan nyttast til mykje når det gjeld å være ein portal for turistane.

Forslag på navn på prosjektet: **Opplev Møre og Romsdal – kultur og lokal mat**

**Overordna mål** må ikke bare handle om mat. Ta bort forklaringa på siste punktet (der mat og drikke er produsert med lokale råvarer og basert på tradisjonar). Sett heller inn:.... «reiseliv, kultur og lokal mat.»

**Delmål** må ikke bare handle om mat: her er det mat i alle ledd. Vil delmåla gjøre at vi når visjonen? Nei, vi mener at den er for konsentrert rundt mat alene, og da må vi enten endre delmål eller visjon. Vi meiner at morotur.no må inn, og at utviklingen av den skal stå som et viktig delmål. Den må også inn i delprosjekt 1.

Vi synes at rolla til prosjektgruppa er uklar kontra styringsgruppa og delprosjektgrupper. Prosjektet bør organiseras i trå med den nye prosjekt malen til fylkeskommunen som er under utarbeiding. Denne er forventa ferdigstilt i januar 2018.

Sidan organiseringa er litt uklar er det vanskelig å foreslå konkrete personar inn i delprosjektgruppene, og vi vil komme tilbake med forslag på namn når dette er på plass.

## **Oppsummering etter ringerunde «Mat og reiseliv i Møre og Romsdal – grønn og blå sektor».**

### **Oppsummert tilbakemelding fra Lillian :**

#### **Valsøytunet v/ Magny Strand**

Er med i sammenslutningen «Utvalgte spisesteder». Opplyser at kundene gjerne vil ha lokal mat, men er ikke villig til å betale for dette. Har en bredt sammensatt meny pr i dag, men det er hamburger og chips det går mest av. Ønsker å ta lokal mat og lokale råvarer «et steg videre». Synes satsingen er viktig og riktig og ønsker å være med i prosjektet. Delprosjekt «Produktutvikling og konseptutvikling» er mest relevant.

#### **Aak Hotell v/ Odd Erik Rønning**

Mener satsingen er viktig. Ønsker å bruke mer lokale råvarer, men det tar mye tid og lete opp spesialitetene og ikke minst «få dem i hus». Kjøper pr i dag det meste gjennom Norgesgruppen fordi det er lettvent. Er usikker på hvor mye tid han/de har til å investere i prosjektet, men dersom tid er delprosjektet «Distribusjon og logistikk» mest interessant. Dersom ikke tid til aktivt å være med i prosjektgruppa, kan deltagelse i ei eventuell referansegruppe være interessant.

#### **Destinasjon Ålesund & Sunnmøre v/ Oddhild Breivik**

Presiserer at mat er en viktig og naturlig del av reiselivet – av opplevelsen. Opptatt av viktigheten av å korporere denne satsinga inn i den allerede etablerte reiselivssatsinga. Sesongvariasjoner på råvarer er viktig – tydelighet på dette. Tilgang/leveringsgaranti på råvarer er viktig. Stilte spørsmål om dette var et reiselivsprosjekt eller et matprosjekt da dette var framsto litt uklart. Ønsker å være aktivt med i prosjektet når dette blir etablert dersom prosjektet har en tydelig reiselivsprofil.

#### **Visit Nordmøre & Romsdal AS v/ Torunn Dyrkorn**

Positiv til satsinga - påpeker viktigheten med reiselivsperspektiv – mat er en viktig del av reiselivsopplevelsen. Viktig med markeds kunnskap i forbindelse med produktutvikling og konseptutvikling. Kompetanseheving er viktig. Usikker på om det er riktig å samle hele fylket under en merkevare for fylket. Er positiv til å være aktivt med i prosjektet. Delprosjekt

produktutvikling og konseptutvikling er mest relevant, men også delprosjekt merkevare og markedsføring er interessant.

### **Bryggekannten Brasserie Restaurant og Bar v/ Stian Stensønes**

Hei Lillian og takk for en meget interessant og utfordrende mail.

Mange elementer å ta tak i her, men med det utgangspunktet som er satt i avsnittet om Nosituasjonen, føler jeg man har kommet godt i gang og har tegnet seg et riktig bilde av utfordringene.

Det jeg tror er viktig i det videre arbeidet er å få tydeligere kartlagt det riktige omfang og mangfold av mat produksjonen i MR.

Mye av bakgrunnen i satsningsdokumentet blir for generell til at man med dette som bakgrunn skal klare å legge til rette for et prosjekt som kan skille seg ut nok i et reiselivs Norge som florerer av tilsvarende prosjekter.

Det må ikke bli slik at vi gjennom dette prosjektet har som mål å fremstille matproduksjonen i fylket på en annen eller mer tilpasset måte. Vi må passe på å forholde oss til realitetene. De er mer en gode nok!

Det er IKKE hvordan man ønsker å tegne bildet av Møre og Romsdal som gastronomisk destinasjon som er avgjørende. Slik jeg ser det er den største utfordringen å få samlet aktører på tross av næring og konkurranse, for å sammen vise mangfoldet og kvaliteten i produktene våre. Koordineringsarbeidet her for å få skapt "blæst" rundt så mange produsenter og restauranter som mulig vil slik jeg ser det være den viktigste faktoren, det vil også gi det mest autentiske bildet ovenfor turistene.

Jeg ønsker gjerne å bidra videre i prosjektet om det er behov.

Vi holder kontakten!

### **Atlanterhavsparken v/ Britt Giske Andersen**

Hei Lillian , og takk for spennende epost😊

Akkurat nå er jeg inne i en ekstremt travel periode og hverken arbeidsdag eller døgn har nok timer. Jeg ser av eposten at prosjektet vi er i gang med å få realisert akkurat nå,( med god og avgjørende hjelp fra fylkeskommune bl.a.)er midt i blinken for dette og det samme gjelder satsingen vi har på gang i kafeen. Men jeg må ha litt mer tid på meg før jeg kan melde tilbake på noe av det du etterspør. Men veldig spennende!

Se her på hva vi skal gjøre neste uke: <http://atlanterhavsparken.no/no/sild-og-torskedager/>

Kan ikke vi holde kontakten og så plukker vi opp tråden etter hvert hvis det er mulig😊



## **Klippfiskakademiet v/ Mindor Klauset**

Dette er spennende og så vidt jeg kan se på riktig kurs og fokus.

Det som er en utfordring nå og i fremtiden er å ha nok og gode nok kokker med lokal kjennskap til tradisjoner, råvarer og matkultur. På «en eller annen måte» må vi hjelpe kokkene med et slags nettverk og inspirasjon for å ta vare på de vi allerede har og samtidig jobbe med rekruttering.

Jeg kom nettopp nå fra et møte med NHO, Opplæringskontoret for restaurant og matfag, utdanningsavdelingen i fylket og oss på Klippfiskakademiet hvor rekruttering og utvidelse av vår «Kokkekamp» til hele fylket var tema. Dette er opplegg for 9. klasse i ungdomskolen hvor både lokal mattradisjon og rekruttering er i fokus.

Ellers er det mye vi har lyst å hjelpe til med, gi oss utfordringer!

Vi har lokaler som egner seg til mye rundt dette temaet.

Vi får stå på alle sammen, dette skal bli bra!

## **Smia Fiskerestaurant v/ Stian Røsand**

